

Vedlegg søknad
Boligetablering i distriktene 2012
Prøvestadprosjektet i Vest-Telemark og Hjartdal
Forprosjekt



Prøvestadprosjektet i Vest-Telemark og Hjartdal

Forprosjekt

Bakgrunn

På bakgrunn av erfaringar gjort i ulike rekrutteringsprosjekt, ser ein eit tydeleg behov for å skape auka attraktivitet i Vest-Telemark. Eit av tiltaka vil vere større fokus på stadutvikling og å skaffe fleire, varierte bustadtilbod og attraktive lokalsamfunn i regionen. Vi ynskjer difor å utvikle konseptet "Prøvestad" i kommunane Seljord, Kviteseid og Hjartdal. Mangel på bustader til sal og leige er eit problem i heile distrikts Noreg.

Ein prøvebustad er meint for folk som ynskjer å flytte ut av byen, men som fyrst vil prøvebu ein stad i ei avgrensa periode for å sjå om dei trivast. Prøvestaden bør liggje i nærleiken av sentrale institusjonar i ei bygd/ein tettstad som skule, barnehage, grendehus, butikk osv. Det er og eit poeng at det finst fleire byggeklare tomter i nærleiken. Det er eit mål at dei som prøvebur skal bli integrert på staden, slik at det sosiale rotfeste kan ta til, og dei velgjer å bli buande. I denne samanheng ser ein det som særskilt viktig at prosjektet er godt forankra, og at det er lagt til rette for lokal inkludering og medverknad. Ein fokuserar på å byggje opp eit godt mottakarapparat med vertskap på kvar stad det planleggast ein prøvebustad.

Prøvestadprosjektet skal dekke eit praktisk behov for bustad - samstundes som det skal skape positiv merksemd og samkjensle for omdømmebygginga av Vest-Telemark. Prøvestadene vil kunne bli ei sterk merkevare i det vidare rekrutteringsarbeidet i Telemark, og vil vere ei unik moglegheit til å marknadsføre regionen samla ut mot resten av landet og utlandet. Prosjektet bygger vidare på pilotprosjektet frå Øyfjell i Vinje kommune, men ein ser viktigheta av å ha eit breiare erfaringsgrunnlag, og å prøve ulike modeller m.a. for å få meir kunnskap om kva som påverkar folks val når dei skal avgjere kor dei vil bu.

Hausten 2009 blei det arrangerte workshops i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Tokke, Seljord, Vinje, Nissedal og Hjartdal; Tuddal og Hjartdalsbygda. Resultatet av disse forstudiane blei at to kommunar i Vest-Telemark; Kviteseid og Seljord, samt Tuddal og Hjartdalsbygda ynskjer å bli med vidare i eit forprosjekt.

Eit av måla med disse workshopene var å innhente lokalkunnskap og idear til utforming av bustadane, dette for å skape forankring i kommunane ved at innbyggjarar, politikarar og administrasjonen fekk eit eigarskap til prosjektet. Prosjektet ynskjer òg å sikre at det blei unike bustadar i kvar kommune.

Ein vil søke å finne nye arkitektoniske svar gjennom ein moderne reformulering av den lokale byggjetradisjonen/arkitektonisk dialekt på staden.

Mål

Formål med hovudprosjektet:

Målet med prosjektet er gjennom fokus på stadutvikling rekruttere fleire folk til Vest-Telemark og Hjartdal. Regionen ynskjer å kunne tilby eit variert, bærekraftig bustadtilbod med attraktive, rurale, arkitekterte bustader. Med dette prosjektet ynskjer kommunane i Vest-Telemark å vise mot og kreativitet, og vise at dei tenkjer innovativt når det gjeld bustadpolitikk og rekruttering av innbyggjarar. Det konkrete resultatet av prosjektet er på sikt å bygge Prøvestader i dei fleste kommunane i Vest-Telemark.

Resultatmål for hovudprosjektet:

1. Stadutvikling. Lage attraktive, trygge, bærekraftige bustadmiljø
2. Skape næringsutvikling med lønsame arbeidsplassar
3. Få erfaring, og skape overføringsverdi for andre regionar
4. Få auka bustadetablering som vil skape folketalsauke
5. Bidra til ein velfungerande bustadmarknad

Resultatmål for forprosjektet:

1. Skape møteplassar, involvering, og engasjement for rekruttering i kommunane
2. Skape lokalt eigarskap til Prøvebustadprosjektet
3. Bruke lokal kompetanse, og utvikle ny kompetanse med overføringsverdi nasjonalt og internasjonalt.
4. Bruke lokale materiale
5. Få med minst fire kommunar i prosjektet
6. Utvikle mottakarapparat i alle kommunane i prosjektet

Forprosjektet er ferdigstilt og har:

- Ferdige skisser for kommunane Seljord, Kviteseid og Hjartdal; Hjartdalsbygda og Tuddal. Skissene skal m.a. brukas i vidare marknadsføring overfor framtidige samarbeidspartnarar og finansiørar.
- Forslag til tiltak basert på ei analyse av alternativ, risiko for gjennomføring og kostnadskalkyle

Målgruppe

Ein prøvebustad er meint for ungdom, unge vaksne i etableringsfasen og bornefamiliar som ynskjer å flytte ut i distrikta, men som fyrst vil "prøvebu" staden i ei avgrensa periode for å sjå om dei trivast. Det er eit mål at dei som "prøvebur" skal bli integrert på staden og i lokalsamfunnet slik at dei velgjer å bli buande.

Resultat

Forprosjektet har resultera i ferdige skisser av bustadene, og forslag til utvikling av tomteområdet med føringar for hovudprosjektet/detaljprosjektering.

Med skisse meiner vi ein visuell modell av bustaden og tomteområdet som vil danne grunnlag for ei ferdig byggeteikning. Skissa skildrar kvalitetar, funksjonar og arkitektonisk språkdrakt. Skissene vil danne ei fastsett ramme for byggeprosjekta, og skal brukas i vidare marknadsføring m.a. overfor framtidige samarbeidspartnarar og finansiørar.

Kviteseid
16. februar 2012
Elisabeth Lid
Bygdelivsmeklar i Vest-Telemark